

VELKOMEN SOM
KONFIRMANT i
KYRKJELYDANE I VANYLVEN!

KONFIRMANT
20 ✙ 22



Den norske kyrkja i Vanylven
Kyrkjekontoret tlf. 70022160
E-post: bk324@kyrkja.no

14-15

Kven er Gud ?

Kva er meininga med livet?

Høyrer Gud når vi ber?

Kven er den Heilage Ande?

Seier Bibelen noko om kjærleik?



Sto Jesus opp frå dei døde?

Kvifor er det så mykje vondt i verda?

Har du nokon gong lurt på eit eller fleire av desse spørsmåla? Slike tema og fleire andre tek vi opp i konfirmasjonsundervisninga i Vanylven, og saman skal vi prøve å finne svar.

Vi trur det du vil få i konfirmasjonstida vil gje deg viktig bagasje for livet, og høve til å finne ut kva du trur på og kven du er.

Både døypte og udøypte er velkomne, men dei som skal konfirmerast, må vere døypte før konfirmasjonen.
Avtal dåp med presten.



All INFORMASJON gjennom konfirmantåret

finn du på Facebook.

Bli medlem i gruppa vår «Konfirmant i Vanylven 2022 »

Konfirmantlærarane i Vanylven er

for øyeblikket ikkje på plass.

Inntil vidare kan du kontakte

Prestevikar Ove Aksnes tlf. 901 81 779

Brit Irene Kvamme tlf. 917 95 715


Du kan også ringe Kyrkjekontoret tlf. 700 22 160

VIKTIGE DATOAR

BLI KJEND DAG

Åram laurdag 11.september kl. 11 -16

Konfirmantkappene blir utdelte.



PRESENTASJONSGUDSTENESTE

Syvde kyrkje 12.september kl.16

LYSMESSE

Søndag 28.november

Vanylven kyrkje kl. 19.00



TENESTEOPPGÅVER - MINISTRANTAR

Konfirmantane må gjere teneste (vere ministrant) i gudstenestene i alle kyrkjene.

KONFIRMANTLEIR PÅ FJORDLY

Vi tek sikte på å få til ein konfirmantleir på Fjordly Ungdomssenter, Bryggja i løpet av hausten.



FASTEAKSJONEN

Tysdag 5. april

Her er det fint om foreldra stiller som sjåfør og støtte!

Vi håper også å få besøk av Kirkens Nødhjelp til ein temakveld for konfirmanter og føresette i forkant av Fasteaksjonen, dato vert kunngjort seinare.



1.PÅSKEDAG

Vanylven kyrkje kl.11

TEMAKVELDAR/ UNDERVISNING

All undervisning i konfirmantåret skjer på felles samlingar. Vi beøker alle kyrkjene og tar opp ulike tema. Planen for desse vert levert ut seinare.



Konfirmasjonsgudstenestene 2022

2.HELG I MAI

7.MAI

Vanylven kyrkje 10.30 Fiskå
13.00 Åheim

8.MAI

Åram kyrkje 10.30
Syvde kyrkje 13.00



ORDENSREGLAR

FOR AT DETTE ÅRET SKAL GI DET BESTE UTBYTTET OG AT VI SKAL TRIVAST SAMAN,
MÅ VI HA NOKRE REGLAR FOR ORDEN OG ÅTFERD:

1: Det vert venta at den som melder seg til konfirmantundervisning med det seier at han/ho vil fylgje opplegget med undervisning og andre samvær både på dagtid, ettermiddagar og kveldstid, og i helgane.

2: Dersom ein ikkje kan møte på samlingane må presten få beskjed frå foreldre/føresette på førehand. Berre sjukdom og tvingande grunnar som vi får melding om frå foreldre/føresette, er gyldig fråvær.

3: Det vert venta eit minimum av kjennskap til det vanlege gudstenestelivet i kyrkjelyden. Difor må konfirmantane ta del på minst 12 gudstenester i løpet av konfirmantåret. Av desse ei i jula og ei i påska. Presentasjonsgudsteneste, lysmesse (Taizè), påskekudsteneste og konfirmasjonsgudsteneste er då medrekna.

Det er ikkje aktuelt å sitje på galleriet eller på bakerste benk.

4: Vi ventar at dei som melder seg til konfirmasjonstida, ikkje på nokon måte forstyrrar eller øydelegg samværa, korkje for seg sjølve eller andre. Dersom både konfirmantar og leiarar er positive og greie vil alle få ei kjekk og lærerik konfirmanttid.

5: I undervisning og på gudstenester er mobiltelefon o.l. avslått og ikkje synleg framme.

DIVERSE

Plan for **undervisningstimane** blir utdelt til hausten. Desse blir felles for alle konfirmantane og vekslar mellom dei ulike kyrkjene. Her er vi avhengige av at foreldra ordnar transport.

På gudstenestene fyller konfirmantane ut eit skjema og leverer til presten. Hugs å ta med eit slikt skjema viss de deltek på gudstenester andre stadar enn i Vanylven. Ta med skjema frå kyrkja eller be om å få tilsendt på mail.

Konfirmantane vil få tenesteoppgåver i gudstenestene, (ministrantoppgåver). Det vil bli sett opp ein plan for kva tid den enkelte skal gjere teneste.

Konfirmasjon er ein festdag i familien. Konfirmasjonstida er førebuing til denne festen og vi ynskjer at familien tek del så ofte dei kan, både i gudstenester og andre samlingar. Foreldra har eit særleg ansvar for å bistå konfirmanten med transport, slik at han/ho kan ta del i tildelte oppgåver.

SÆRSKILT TILRETTELEGGING

Konfirmasjonstida er for **ALLE** ! Dersom konfirmanten har behov for særskilt tilrettelegging, ber vi dykk ta kontakt for å avtale korleis vi skal legge opp konfirmanttida og konfirmasjonen. Saman prøver vi å finne gode løysingar for **ALLE** !

PÅMELDING:

- Elektronisk påmelding :
Gå til <https://minkirkeside.no/Vanylven>
Bruk mobilnummeret til ein av dei føresette.
Mobilnummeret blir brukarnamn for alle typar påmeldingar til kyrkjeaktivitetar.
Ved seinare påmeldingar, ligg skjema du har sendt inn, lagra på di side.
- Bruk eingongspassordet du får tilsendt på SMS for innlogging, fyll ut skjema og send inn.
- Dei e-postadressene du registrerer i påmeldinga, som er avkryssa med «skal motta informasjon», vil få e-post med stadfesting om at påmeldinga er registrert.
- Hugså velgje **sokn** ved påmeldinga.
- Vi oppmodar flest muleg om å nytte elektronisk Påmelding. Det er også muleg å melde på via papir skjema. Ta i såfall kontakt.
- **Påmeldingsfrist 1.juli**

BETALING : Konfirmantavgifta er på kr. 1500,-

Økonomi skal ikkje vere eit hinder for konfirmasjon.
Ta kontakt, så finn vi saman fram til ei ordning som passar den enkelte.



Vandre i Guds kjærleiks lys!